

**Referent:** Ingunn Bårtvedt Skjerdal

**Dato:** 08.03.2022

<b>Emne:</b>	Referat frå regionalt planforum 15.02.22 - planprogram for kommuneplanen sin arealdel - Sunnfjord kommune	
<b>Til stades:</b>	Jan-Inge Hage	kommunalsjef Teknisk og miljø
	Odd Harry Strømsli	einingsleiar Areal- og byggesak
	Joar Helgheim	einingsleiar Landbruk og miljø
	Vigdis Randine Rørstad Lobenz	arealplanleggar
	Ole John Østenstad	Kommunedirektør
	Patrick Langeland	arealplanleggar
	Truls H. Folkestad	rådgjevar klima- og miljø
	Julie Daling	prosjektleiar KPA
	Oddbjørn Sellevoll	Rådgjevar naturfare
	Eirik Brynjelsen	Statsforvaltaren, landbruk
	Åshild Hjørnevik Vatshelle	Statsforvalteren, landbruk
	Anniken Friis	Statsforvalteren, miljø
	Magna Fondenes Vangsnes	Statens vegvesen
	Oddvar Skrede	Statens vegvesen
	Gabriella Fure Briceño	Dir. for mineralforvaltning
	Mari Johansen Aune	Distriktsenteret
	Eva Katrine R. Taule	VLFK- SUD- PKF Fagleiar plan
	Rannveig Berge	VLFK- SUD- PKF Kommunekontakt
	Ingunn B. Skjerdal	VLFK- SUD- PKF Koordinator for planforum
	Gunhild Raddum	VLFK-MOK transportplan
	Janne Grønli	Vlfk, INV - Forvaltning Vestland
	Gunnhild Sande	Vlfk, INV - Forvaltning Vestland
	Ragnhild Egeland Torp	VLFK-KII-Kulturarv
	Andrea Skrede	VLFK-KII-Kulturarv
Birgit Tansøy	VLFK-KII-Kulturarv	
Berit Alise Høivik	VLFK-KII-Kulturarv – nyare tid	
Staffan Henrik Hjøhlman	VLFK INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv	
Anne-Lene Norman	VLFK- SUD- PKF	
Arve Helle	VLFK- politisk observatør (frå kl 14.00)	
<b>Forfall:</b>		<b>Sak:</b> 2022/4000 - 6
<b>Møtetid:</b>	15.02.22 kl 13-15	Møtestad: Digitalt møte - Teams

**Møteleiar:** Eva Katrine R. Taule

Referenter: Rannveig Berge og Ingunn B. Skjerdal

Eva Katrine R. Taule ønskte velkommen og gjekk gjennom deltakarlista, alle presenterte seg.

Kommunen ved Odd Harry Strømsli ga presentasjon av status på planarbeidet: Sunnfjord er ein ny kommune. Det er ei stor oppgåve med arealdelen som ligg forran seg. Først ut har vore samfunnsdelen med arealstrategiar Det har vore ein stor prosess og omfattande arbeid knytt til arbeidet med arealstrategiane. Sunnfjord er ein kommune samanslått av fire tidlegare kommunar. Status på dei arealdelane frå dei kommunane er ulik, nokre er utdatert, andre er heilt oppdatert. Arealdelen som no skal utarbeidast skal samordne dei fire planane. Ikkje veldig

ambisiøse for arealdelen denne gangen, men det er eit bevisst val. Det skal jobbast med fire tema og det er eit strategisk val. Politikarane ønskjer fart på prosessen, politisk ønske om felles arealforvaltning. Skal gjere det som loven krev, men kan ikkje gjere meir enn det loven krev.

### Presentasjon av planprogrammet ved Julie Daling

Milepæler knytt til medverknad:

- Politisk handsaming – forankring
- Politisk handsaming undervegs
- Planforslag til offentleg ettersyn i januar
  
- Medverknad – sortering og prioritering av innspel til arealendringar
- Legg opp til debatt møte
- Gå inn i skular ev nytte Minecraft slik Sogndal gjer
- Planforum

Føringar for planarbeidet-

- Nasjonale føringar
- Gjeldande kommunale planar

Sentrale tema:

- Klimaomstilling og miljøomsyn er tverrfaglege tema som må jobbast med på tvers.
- Effektiv arealdisponering – definerer klimanøytral og arealnøytral arealbruk, ambisjonar om å ta i bruk arealrekneskap
- Utbyggingsmønster og senterstruktur – arealstrategi – strategikart knytt til arealstrategien. Arealkrevjande næring knytt til E39. Ønskjer å redusere arealbruk, fortette og legge til rette for eit transportmønster som er meir økonomisk. Senterstrukturen vil vere tre-delt med: kommunesenter, lokalsenter (tidlegare kommunesenter i kommunane) og nærsenter
- Ta heile kommunen i bruk – bruk av LNF- spreidd – ønskje om å redusere talet på dispensasjonar – strandsone analyse (definere funksjonell strandsone)
- Bruk av masseoverskot frå store vegprosjekt – parallelle prosessar
- Utgreiingsbehov - evaluering av gjeldande planar Vevring og Sande. Finne rett detaljeringsnivå på arealdelen til kommuneplanen
- Ønske om å inkludere så mykje som mogleg av kommunedelplanane i planar
- Parallelle planprosessar – områdeplan
- Vekstsoner
- Kartlegging av kollektivruter i Sunnfjord – ønske om samarbeid med Fylkeskommunen
- Ta heile kommunen i bruk
- Masseoverskot
- Klima- og arealnøytralitet
- Ku og risiko og sårbarheitsanalyse

Prosess:

Eva Katrine R.Taule: Det er mange tema og undertema i planprogrammet og det er eit stor utgreiingsarbeid som skal settast i gang. Det er positivt at Sunnfjord ønskjer å bruke planforum. Vi ønskjer at planforum blir satt opp før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Det er krevjande med diskusjon i planforum før kommuneplanens samfunnsdel med arealstrategiar er endeleg vedtatt. Desse heng tett saman.

Anniken Friis, Statsforvaltaren: Vi håpar kommunen vil bruke planforum som arena for innspel i forkant av høyring.

Sunnfjord: politikarane har engasjert seg og brukt lang tid på å kome fram til arealstrategi og samfunnsdelen. Politikarane er litt redde for kva som ligg i arealstrategiane og kor førande dei er for det vidare arbeidet. Vi kan vurdere å få planforum inn før offentleg ettersyn.

## Drøfting

### Siling av innspel:

Eva Katrine R. Taule: Kva tenker Sunnfjord rundt siling av innspel? Ein del kommunar set silingskriteria i planprogrammet. Det er viktig å få løfta rammene før diskusjonen startar.

Odd Harry Strømsli: Førde kommune har hatt siling i planprogrammet før. Viktig at politikarane får dette med seg og er med og former. Har ikkje hatt tid til dette no. Kjem til å bruke arealstrategiane og sil som Førde kommune har brukt før. Ønsker ein open prosess for å engasjere politikarane.

Ole John Østenstad: fire kulturar, vanskeleg å få politikarane med på tøffe prioriteringar i ei retning.

### Klima og miljø

Eva Katrine R. Taule: Dilemma mellom arealnøytralitet og desentralisert utbygging. Kommunen har ein ambisiøs start i planprogrammet med tilvising til FN sine berekraftsmål og korleis kommunen kan bidra til å nå måla. Saknar at dei regionale føringane er nemnd i planprogrammet.

Kommunen kommenterer at dei regionale føringane er gløymt å ta inn.

### Anniken Friis, Statsforvaltaren:

Kor forpliktande skal denne arealdelen være? Ein del endringar i ordlyden frå skal til bør frå arealstrategiane som var på høyring. Spør kva som har skjedd sidan ordlyden er endra, og kor stor tru kommunen har på at det skal bli gjennomført med bør- formulering. Klima og miljø skal vere tverrgående tema i arealdelen. Skal det forplikte i forhold til miljø og klima må de vere strenge. Vi meiner det er heilt avgjerande å ha kunnskap om dei areal ein skal forvalte. De treng kartlegging for å få på plass meir kunnskap om viktige artar og naturtypar, for at de i neste omgang skal kunne forvalte areala berekraftig. Det er for lite forpliktande i utgreiingstema slik det er i planprogrammet no. Kartlegging av naturmangfald er eit tema de må få opp eit betre kunnskapsgrunnlag på. Elles har ein ikkje kunnskap om den retninga ein ønskjer å ha.

Sunnfjord kommune :

Angående skal eller bør: prosessen med samfunnsdelen og arealstrategiane har skapt stort engasjement. Administrasjonen har måtte høvle av dei mest forpliktande formuleringane, det var nødvendig for å få samfunnsplanen igjennom systemet. Meinar at forsiktig ordbruk vil likevel vere forpliktande i stor grad. Naturmangfald vil bli vurdert i innspela som kjem inn. Men kartlegging av naturmangfald for heile kommunen er ikkje realistisk å få gjennomført.

### Anniken Friis:

Viktig å ha fokus på areal som blir vurdert for utbygging, der det er størst press. Det må gå an å vere meir forpliktande i formuleringa. Karbonrike areal er eit nytt omgrep i plansamanheng, som også må løftast opp og fram. Det er viktig å ha kunnskap om karbonrike areal.

### Eirik Brynjelsen:

Sunnfjord har ambisjonar på jordbruksland, og har ein eineståande sjanse til å gjere noko. Sunnfjord har nådd jordvernålet 2015-2019, og har moglegheit til å sette jordvern mål. Oppmodar kommunen til å setje mål, og vere meir forpliktande i formuleringa. Kompenserande tiltak er kome for å bli når det gjelder store anlegg.

Eva Katrine R. Taule: kva tankar har kommunen om karbonrike areal – i Rogaland er det utarbeidd eigne temakart, kanskje mogleg å gjere tilsvarende i vestland.

Ingunn Bårtvedt Skjerdal: Har kommunen meldt behovet for temakart for karbonrike areal inn som eit framtidig kart i DOK (Det offentlege kartgrunnlaget) til Kartverket i samband med den årlege innmeldinga av kommunen sine DOK?

Truls H. Folkestad – har vore i kontakt med Knutsen hos Statsforvaltaren, for å finne ut om eit liknande temakart er på gang i Vestland.

### Gunhild Raddum:

Utkast til samfunnsdel og arealstrategiar som var på høyring hadde ein klar tale, den er sakna i det

som ligg til grunn no med mellom anna med å ta heile kommunen i bruk. Vi er opptatt av å utnytte eksisterande infrastruktur, slik at det vert lettare å ta i bruk kollektiv, samt sykkel og gange. Viser også til regional transportplan sitt mål: Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidretta transportsystem. Vi vil følgje med slik at det vert følgt opp. Eit utgreiingsbehov er kartlegging av kollektivruter, reknar med at det gjelder alle typar ruter. Fylkeskommunen kan vere behjelpelig der.

## Veg

### Oddvar Skrede, Statens vegvesen:

Viser til uttale til samfunnsdelen, saknar litt knytt til trafikksikkerheit rundt nye byggefelt mm. Rv 5 og E39, rv 5 vil framleis gå frå Førde hotell og gjennom heile kommunen. Kryss må vere avklart med Statens Vegvesen før planen går ut til offentleg ettersyn. Det må tenkast på målsetting gjennom arbeide med planen, korleis skal de nå ønske om fleire gåande og syklande?

Kommunen kommenterer at dette vil vere viktig punkt i siling av innspel og utvikling av vekstsoner. Det må vere mogleg å sykle og gå i kvardagen. Sunnfjord kommune har 0-visjon.

### Magna Fondenes Vangsnes:

Jobbar med reguleringsplan – Storehaugen – Bruland, Førde. Der jobbar vi med deponi. I kommunedelplan Erdal – Naustdal er ikkje massoverskotet avklart enda. Der har ein betre tid enn med reguleringsplanen, men har ikkje kome så langt enda. Massehandtering må handterast i overordna plan.

## Kulturminneomsyn

### Birgit Tansøy og Berit Alise Høivik, Vestland fylkeskommune:

Kulturminneplanane er eit godt kunnskapsgrunnlag for arealdelen. Omsynssoner er viktig å få lagt inn i planen. Førde sin plan var implementert i kommuneplanen, dei andre kommunane har også ferdige planar.

I Sunnfjord er det mange mellomalderkyrkjestader som er automatisk freda (i alt 12 stk). Kanskje spesielt for Gaular der det er fire kjende. Vi oppmodar om å tenkje på heilskapen og kulturmiljøet rundt mellomalderkyrkjestadane ved utarbeiding av planen. Dette kan takast opp i kulturminneplanen også. Noko vagt med massehandtering for Erdalstunnelen, men ventar å få vite meir etter kvart.

Det er mykje kulturminne langs strandsone og knytt til vassdrag. Oppmodar om å kartlegge Gaularvassdraget, Jølstra og Haukedalsvatnet.

Sunnfjord spørsmål: Strandsone – generell til funksjonell strandsone?

Forskjell på ferskvatn og sjø, er juridisk forskjellig, kommunen kan lage ei grense, metodikken for funksjonell strandsone vil passe godt.

Anniken Friis: god ide å ta med metodikken frå sjø til langs vassdrag. Kantvegetasjon er viktig for å binde karbon og for naturmangfaldet.

## Medverknad

### Mari Johansen Aune – distriktssenteret:

Distriktssenteret melder seg som ein ressurs, kommunen kan ta direkte kontakt om dei ønsker konkrete råd og hjelp. Medverknad kan vere viktig for noko meir enn berre planen, det kan vere viktig i bygginga av nye Sunnfjord kommune. Medverknad er viktig for å legge til rette for gjennomføring av planen, ein får ein mobilisering av folkevilje for gjennomføring av planen.

Under metode for medverknad i planprogrammet saknar eg at eldre er nemnt som ei eiga gruppe. Nærmiljøråd som metode for lokalsamfunnsutvikling er ei viktig mobilisering.

## Mineralforvaltning

### Gabriella Fure Briceño:

Planprogram seier at overskotsmassar skal gå til samfunnsnyttige formål og unngå deponi, er positiv til dette. Sunnfjord kommune har mineralførekomstar Engebø av internasjonal verdi, Naustdal og Steinkrossen av nasjonal verdi. Kommunen har mange uttak for masse, anbefaler å ha det som eige tema i planen.

### Avslutningsvis

#### Ole John Østenstad, Sunnfjord:

Å møte advokatar for kvart sine fagfelt her er overveldande. Kva er den største utfordringa i Sunnfjord? Demografi; tal skuleborn går ned og tal eldre går opp. Kommunen må vere knallgod på å levere gode tenester. Viktig at planen legg opp til at Sunnfjord blir attraktive, at folk har lyst til å etablere seg og næringane sine her i kommunen. Har som mål å vere ein regional utviklingskraft. Kommunen er ein viktig motor for heile tidlegare Sogn og Fjordane. Vi treng å få på plass ein arealdel no. Den skal justere og skru til etter kvart gjennom rulleringar. Arealdelen er eit tema som engasjerer.

Eva Katrine Ritland Taule: Stor interesse frå regionale og statlege etatar kan tolkast som interesse for utviklingsarbeidet som skjer i Sunnfjord kommune. Vi bidreg så godt vi kan.

---

Innspele i etterkant:

#### Innspele om vassmiljø- Staffan Hjohlman i chat:

Det lovar godt at planprogrammet peikar på vassmiljøomsyn fleire stadar (strandsone, sjø og vassdrag, naturmangfald, overvatn m.m.), og at spreidde avløp er nemnt under KU og behov for utgreiing. Eg forventar at desse tema blir godt ivaretekne i kommuneplanen. Også godt at Regional plan for vassforvaltning er nemnt som ei kjelde til KU. Ved utarbeiding av arealdelen er det viktig å ta i bruk kunnskapsgrunnlaget i Vann-Nett. Kommunen har god kompetanse der.

#### Karbonrike areal og regional klimaplan:

I Regional plan for klima som er i prosess er å sikre naturmangfald som er viktig for klimaomstilling eit mål. Kartlegging av karbonrike areal eller utarbeiding av temakart vil ikkje inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget til planen.

#### Vedlegg

- 1 Bestillingsskjema planforum Sunnfjord kommune
- 2 Planprogram-KPA-høyringsframlegg\_V1